

Kulturdepartementet
Inger Lise Kurseth
Postboks 8030 Dep

0030 OSLO

Svar på høyring - endring i forskrift om stadnamn

Nordland fylkeskommune mottok høyringsdokumentet 23. mai d.å. Høyringssaker skal handsamast av fylkesrådet. For å finne innpass i møteplanen til fylkesrådet, vart det søkt om utsett svarfrist. 28. juni 2016 fekk vi dykkar stadfesting om utsett høyringsfrist til 1. september.

Fylkesrådet handsama saka 16. august, og underteikna fekk delegert fullmakt til å uttale seg på vegner av Nordland fylkeskommune.

Fra Nordland fylkeskommune si side ønskjer vi å peke på følgjande:

Nordland fylkeskommune (Fylkeskommunen) har ingen innvendingar mot dei overordna endringane i struktur og innhald av framlegget til ny forskrift til lov om stadnamn, men vil gje sine kommentarar til dei einskilde føresegnene i forskrifta.

§ 1 Generelle reglar om *namnsetjing og fastsetjing av skrivemåten av stadnamn*

«Skrivemåten av stadnamn kan fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp dersom skriftforma har vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd.»

Kommentar: Fylkeskommunen er samd i formuleringa, men ser at ho kan skape store utfordringar for vedtaksorgana – særleg kommunar og fylkeskommunar som ikkje har relevante fagmiljø. I vårt fylke ser vi likevel gode døme på slik praksis, t.d. der trykklette endingar blir utelatne (Børvasstindan, Hesthagan) eller der det lokale ordtilfanget nyanserer og presiserer den normerte varianten; ein håg i Nordland kan t.d. vere noko anna og større enn ein haug. Vi vil likevel åtvare mot å bruke lydrette former som for mange vil oppfattast som uklåre språkelement, t.d. «håjen»=hågen (Pytjohåjen i Hemnes) og «hølmen»=holmen (Hølmen, fleire stader i Beiarn). Meir utstrekt bruk av slike former vil kunne undergrave autoriteten til normerte namn, som er hovudregelen i forskrifta. Vi kjem attende til utfordringane i seinare kommentarar (§ 8).

§ 4 Særlege reglar om skrivemåten av samiske stadnamn

Kommentar: Grensene mellom dei samiske språkområda i Nordland er uklåre. Særleg i Lofoten og Vesterålen, men òg i andre delar av fylket, er det nødvendig med meir forskning for å kunne definere

Adresse: Postmottak Tlf.: 75 65 05 00
Fylkeshuset E-post: post@nfk.no
8048 Bodø

Besøksadresse: Moloveien 16

Kultur, miljø og folkehelse
Geir Knutson
Tlf: 911 13732

dei samiske språkområda godt. Det står rimeleg fast at nordsamisk gjeld sørover på fastlandet til og med Ballangen, og at det lulesamiske området startar med Tysfjord. Formuleringa om dette bør gjerast klårare i føresegna.

Det lulesamiske språkområdet var historisk avgrensa mot sør av det pitesamiske språkområdet, som femna om områda rundt Saltfjorden og innover i Sverige. I dag er pitesamisk språk nærmast utdøydd i norske område, og Fylkeskommunen registrerer ikkje sterke innvendingar mot at samiske namn i området blir skrivne på lulesamisk, og vil såleis støtte gjeldande praksis her.

På Helgeland var umesamisk gjeldande i Rana og Hemnes, men stoda er her den same som for pitesamisk; språket er av UNESCO klassifisert som svært alvorleg trua eller nesten utdøydd. For resten av Helgeland er sørsamisk gjeldande. I denne situasjonen er det uklokt å vere for kategorisk. Umesamisk er meir i slekt med sørsamisk enn med lulesamisk, og det samiske miljøet på Helgeland oppfatar seg hovudsakleg å høyre til det sørsamiske. Grensen mellom bruk av lulesamisk og sørsamisk skrivemåte bør såleis følgje grensa mellom Salten og Helgeland, likevel slik at ein i grenseområda, t.d. i Meløy og i Saltfjell-/Svartisområdet kan bruke den rettskrivinga som høver best med nedervd uttale.

Formuleringa om nordgrensa for det sørsamiske i framlegget til føresegn bør såleis gjerast klårare.

Fylkeskommunen støttar i hovudsak framlegget til føresegn.

§ 7 Bruk av fleirspråklege namn

Føresegna inneheld reglar for namneobjekt som har namn på fleire språk, t.d. samisk i tillegg til norsk. Gjeldande føresegn gir vedtaksorganet (Kartverket, fylkeskommunen eller kommunen) rett til å fastsetje rekkefølga av namn på skilt, kart o.l. Departementet foreslår som hovudregel at kommunen skal fastsetje rekkefølga i alle saker (alt. 2); alternativt at rekkefølga i samiske forvaltingsområde framleis skal vere «samisk, norsk, kvensk» (alt. 1).

Kommentar: Fylkeskommunen støttar alternativ 2. Sjå elles kommentar til § 8.

§ 8 Saksbehandling

«Vedtaksorganet skal sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg før det blir gjort vedtak. Dersom ei sak synest å vere særleg innfløkt, kan det innhentast førebels *vurdering* frå namnekonsulentane.»

Kommentar: Vedtaksorgan, særleg kommunar og fylkeskommunar, har ofte avgrensa tilgang til fagmiljø som kan greie ut stadnamnsaker og gje kunnskapsbasert innstilling til vedtak. Slike saker er ikkje sjeldan kjenslevare, og politikarar har ofte sterke oppfatningar i desse sakene. «Lokal nedervd uttale» vil ofte vere diffust både for saksbehandlar og vedtaksorganet, og strekkjer seg gjerne ikkje lenger enn manns minne. Urbanisering og geografisk mobilitet i befolkninga bidrar òg gjerne til mindre medvit om bakgrunnen for stadnamn. Slike vedtaksorgan bør derfor kunne ha høve til å ta kontakt med namnekonsulenttenesta for å få hjelp til saksbehandlinga.

Utdraget ovafor frå første ledd av § 8 burde derfor lyde slik:

«Vedtaksorganet skal sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg før det blir gjort vedtak. *Ved*

behov kan det innhentast vurdering frå namnekonsulentane.»

Med venleg helsing

Ingelin Noresjø
Fylkesråd for kultur, miljø og folkehelse

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og er difor utan handskriven signatur.

Hovedmottakere:

Kulturdepartementet

Postboks 8030 Dep

0030

OSLO